

Operasjon Klatrevegg har starta

22.06.2009



Steinar Haugland framfor klatreveggen på Seimsfoss før arbeidet starta mandag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag kveld starta leiinga i Aktivitetshuset Operasjon Klatrevegg, som betyr at klatreveggen i gymnastikkalen på Seglem skule på Seimsfoss blir demontert og montert opp att i Aktivitetshuset i Uskedalen.

Veggen, som tidlegare var eigd av Kvinnherad Turlag, har ikke vore nytta i den seinare tid.

Det første som skjedde i går var at Bjørn Olav Tveit og Steinar Haugland monterte stillas og starta nedskruinga av veggen. Dei hadde håpa på større oppslutnad om jobben, men dette er naturleg nok ikkje den gunstigste tide for slike arbeidsoppgåver på dugnad.

Målsettjinga var at ein gjennom konsentrert innsats skulle ha veggen på plass i Uskedalen om eitpar veker, men om dette vil vera mogeleg er no uvisst. Kanskje blir utvegen at ein må utsetja oppmonteringa til hausten. Men akkurat no er framdrifta noko uklår.

I Seglem skule har veggen vore 6-7 meter høg og 8-10 meter brei, men i Uskedalen blir han 7-8 meter høg og 8 meter brei og blir montert på veggjen mellom garderobedørane.

Av Ola Matti Mathisen